



Førebels er det nok vatn til oss alle i Eikelva. Dette biletet vart teke tysdag føremiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det har så å seia ikkje vore nedbør i mai og det merkast også i Kvinnherad. Det er innført vatningsforbod frå Husnes vassverk og spesielt ille er situasjonen på Halsnøy der vasstanden i det kommunale bassenget er rundt ein meter medan det skulle vore tre meter. Men i uskedalen er det førebels ikkje noko som tyder på vasskrise.

- Her flyt vi førebels på dei store snømengdene i fjellet, seier vassverkleikar Hans Reidar Kjærland til uskedalen.no.
Han myser i solskinet opp mot Englafjell og Manen som framleis har mykje av vinterkappa på. Mellom dei to fjella skummar Eikelva seg nedover og det er frå den uskedalingane får vatnet sitt.
Kjærland har enno ikkje registrert nokon svikt i vassføringa og det kunne heller ikkje uskedalen.no under ein rask synfaring tysdag.

- Men hvis det turre veret ikkje hadde kome no under snøsmeltinga, men seinare, kunne situasjonen vore vanskeleg, legg Kjærland til. Han tek klokeleg nok atterhald om kva som kan skje når det blir slutt på snøen og turrveret eventuelt held fram.
Det er svært turt også i hagane til uskedalingane. Også dei har gått i gang med å vatna. Og det er ikkje heilt vanleg på denne tida av året....

Av Ola Matti Mathisen



Vassverket si hovudoppgåve akkurat no er å byggja det etterlengta lagerbygget på Eik. (Foto: Ola Matti Mathisen)